

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/16	Kommunestyret	PS	18.02.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 002	14/351

### Kommunestruktur - Mandat til forhandlingsutvalet

#### Vedlegg

intensjonsavtale endeleg 26-1-2016

1-2016 Protokoll Nordhordlandsting, 28. januar

20160210121410

Tidsplan frå og med februar 2016 - Nordhordland ein kommune 2020

01 2016 02 09 Saksliste møte forhandlingsutvalet - 9. februar

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp att forhandlingane i prosjektet « ny kommune i Nordhordland».

#### Kommunestyret - 008/16 - 18.02.2016

#### KS - behandling:

Framlegg frå H v / Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til:

1. å ta opp att forhandlingane i prosjektet " ny kommune i Nordhordland".

2. å forhandle med einskildkommunar eller grupperingar av kommunar.

Framlegget fekk 8 røyster(Krf,H og V) mot 9 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 16 mot 1 røyst(Sp).

#### KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp att forhandlingane i prosjektet « ny kommune i Nordhordland».

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Austrheim kommunestyre har i møte den 28.10.15, KS - 100/15 gjort følgjande vedtak:  
Med bakgrunn i uttalelser frå sentrale politikarar og enkeltvedtak i deltarar kommunane, og det faktum at to av dei største og folkerikaste kommunane har trekt seg frå forhandlingane, ser Austrheim Kommunestyre prosjektet «Felles kommune i Nordhordaland» som skrinlagt.

Austrheim kommunestyre vel difor å trekja seg frå forhandlingane.

Austrheim Kommunestyre ber administasjonen starta arbeidet med ei utgreiing av konsekvensar ved at Austrheim fortset som eigen kommune. Utgreiinga må liggja føre i April 2016.

Austrheim kommunestyre ber forhandlingsutvalet om:

- Ta kontakt med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune, med ein eller fleire av desse.
- Ta kontakt med Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune med ein eller fleire av desse.

Resultatet av desse kontaktane vert lagt fram for formannskapet 10.11.2015 og kommunestyre 25.11.2015 med forslag til vidare framdrift/arbeidsplan.

For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur ,skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.

### **Vurdering**

Leiar i det lokale forhandlingsutvalet har i eigne skriv tatt kontakt med:

1. Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar
2. Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar

Ingen av desse har gitt tilbakemelding på at dei ynskjer å gå i dialog med Austrheim kommune om vidare forhandlingar, men regionrådet har i møte den 05.02.16 teke initiativ til at det vert ny dialog mellom kommunane i prosjektet «Ny kommune i Nordhordland».

I Nordhordlandstinget sitt møte på Seim den 28.01.16 vart det vist stor vilje hjå dei einskilde kommunane til å ta opp att dialogen, sjå vedlat protokoll frå møtet.

I møtet vart det lagt fram ei framdriftsplan for korleis ein kan gå vidare med Nordhordlandsalternativet, sjå vedlegg.

Intensjonsavtalen om samanslåing av kommunane Meland, Lindås og Radøy vart også presentert, sjå vedlagt intensjonsavtale.

Vedlagt er kopi av innkalling til møte nr. 1 i forhandlingsutvalet for « Ny kommune Nordhordland» og Framdrifts og aktivitetsplan for prosjektet.

Då Austrheim kommunestyre i vedtak 28.10.15 har vedteke å trekke seg frå forhandlingane i prosjektet felles kommune i Nordhordland ber det lokale forhandlingsutvalet kommunestyret om fullmakt til å fortsette forhandlingane i prosjektet «ny kommune Nordhordland».

### **Konklusjon**

Eg rår til følgjande:

Austrheim kommunestyre gjev det lokale forhandlingsutvalet fullmakt til å ta opp att forhandlingane i prosjektet « ny kommune i Nordhordland».

